

Ungdomsråd 17.10.2019

Til stades:

Ragne Aasan, leiar

Geir Kjetil Haugene

Sebastian Hansen

Isak Ledel

Ingeborg Aastveit

Margrete Myrvold Hegge

Øystein Skattebu, ungdomskonsulent

Ikkje til stades:

Kristin Alfstad

Sak 1 – Val av leiar, nestleiar, sekretær og økonomisk ansvarleg

Leiar vart Ragne Aasan, nestleiar Kristin Alfstad, sekretær Margrete Myrvold Hegge og økonomisk ansvarleg vart Isak Ledel.

Sak 2 – Vidare jobbing mot budsjettinnspel i formannskapet

Mekkeklubb – stillingsprosent

Vi i ungdomsrådet ynskjer å starte opp att mekkeklubb, men vil orientere seg på ungdomsskulen om dette er noko det er interesse for. Om det er interesse for dette må vi be om ein stillingsprosent og krevje at kommunen hjelper oss med å finne eit lokale. Kan vi søke frifond for å starte opp dette?

Isak og Ingeborg seier at det er litt interesse for dette på skulen, men vi ynskjer å skape ein dialog med dei som ynskjer dette.

Øystein skal i møte med Sælshagane gråtassforening om eit mogleg verkstad som ungdommen også kan bruke. Dei har også vore interesserte i å lage eit tilbod for ungdommen. Meir info kjem frå Øystein etter møte.

Oppgradering av uteområdet på ungdomsskulen

Det har vore ynskje om ei oppgradering av uteområdet på ungdomsskulen og kome eit spesifikt ynskje om ninjapark ovanfor skulen. Denne kan erstatte skaterampa og den gamle skateparken oppe ved grusbana. Denne ninjaparken kan brukast av både barnehagen, skulen, ungdomsklubben, idrettslaga, frivilligsentralen og privatpersonar. Dette er eit folkehelseiltak som skal vere lett tilgjengeleg og bidra og motivere til fysisk aktivitet. Vi tenkjer at dette skal være eit anlegg som kan brukast i gymmen på ungdomsskulen, men også av andre aktørar som vil bruke dette. Her kan vi vise til uteområda på NAUS.

Gratis ungdomsklubb

Rettferdig utjamnande ungdomstilbod. Budsjettet med 30 000 i inngangspengar som inntekt. Dette vil være berre 30 000 å legge til klubbudsjettet. Gratis å koma inn på fredags- og torsdagsklubb, andre arrangement kan vi legge til inngangspengar dersom det trengs. Vi vil likevel ha så rimelige prisar slik at det er mogleg for alle å delta på dei aktivitetane dei vil. Fattigdomstiltak.

Sak 3 – UFT

Øystein skal melde inn kven som er våre UFT-representantar

Referent: Margrete Myrvold Hegge